



Arkiv: FE-614
JournalpostID: 23/6698
Saksbehandlar: Torbjørn Emblem
Dato: 24.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-58/23	Formannskapet	08.06.2023
PS-52/23	Kommunestyret	19.06.2023

Kommunale bygg - Tandstad barnehage, Vik skule og Aure skule - endra arealbruk

Kommunedirektøren sitt **framlegg** til **vedtak**

Sykkylven kommunestyre vedtek å starte prosessen med endra arealbruk på området til Tandstad barnehage, Vik skule og Aure skule.

Formannskapet - 58/23

FSK - behandling:

Formannskapet tilrår samrøystes: Som kommunedirektøren sitt framlegg

FSKVedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek å starte prosessen med endra arealbruk på området til Tandstad barnehage, Vik skule og Aure skule.

Kommunestyret - 52/23

KST - behandling:

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding

KSTVedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek å starte prosessen med endra arealbruk på området til Tandstad barnehage, Vik skule og Aure skule.

Saksutgreiing

Bakgrunn for **saka**

Tandstad barnehage er vedteke lagt ut for sal.

Vik skule og Aure skule vil ikkje vere i bruk som skular etter 2023.

Alle desse 3 områda har i dag ein arealbruk i planane som sei offentleg formål.

Saksopplysningar

Den vidare og framtidretta utviklinga på områda til desse 3 kommunale bygga vil det ikkje vere ønskeleg at dei er «låst» til offetleg bruk.

Det er difor ynskjeleg med ein prosess som åpnar for endra arealbruk og at denne startar snarast mogleg. Den vil gje eit godt grunnlag i det vidare arbeidet rundt bruk og utnytting av områda.

For Tandstad barnehage som skal leggest ut for sla er dette heilt avgjerande vert endra til for eksempel bustadområde.

Vurdering

Sykkylven kommune er inne i ei tid der ein har moglegheiter for å gjere moglegheitsstudie av område som Vik og Aure skule har i dag. Sykkylven kommune har store behov for legge til rette for fleire sentrumsnære bustader og bufellesskap.

Dette kan skje i både kommunal regi, i regi av private eller i kombinasjon mellom kommune og privat. Det kan være bustader og bufellesskap som er til leige eller eige, men evt og leige til eige.

Kva som endeleg desse skuleområda skal utviklast og nyttast til vil kome seinare i prosessen, men det er viktig at vedteken arealbruk ikkje er til hinder for å få ei framtidretta utvikling i Sykkylven sentrum som kan skape gode vilkår og tenester for inngbyggerande.

Dette er grunnlaget for ein ynksjer å starte prosessen med endra arealbruk snarast mogleg.

Økonomiske

ingen – inngår i ordinær drift.

konsekvenser

Bente Glomset Vikhagen
kommunedirektør